



Eub Ltd
Øvre Kråkenes 66
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/532 - 17/8028

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.03.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 202/155 Hjelmås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.02.17 supplert 20.02.17.

Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje oppfyller vilkår for 3 vekers sakshandsaming. Det er søkt om løyve til påkobling samstundes med løyve til tiltak. Då tiltaket avheng av handsaming hjå hanna mynde jf. plan- og bygningslova § 21-7, er ikkje vilkåret for 3 vekers sakshandsaming oppfylt.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje dokumentert naudsynte private rettigheter for eigedom gbnr. 202/155 med omsyn til veg, vatn og avlaup.
2. Det er ikkje gjort greie for kven som prosjekterer grunnarbeid.
3. Det er ikkje synt kor omfattande terrenghevingar på eigedomen er, det er i § 0.4 i føresegna til gjeldande reguleringsplan sett ei begrensning på hveing og senking av terreng på maks 1,2 meter, vi ber om dokumentasjon på kor mykje terreng på eigedomen er planlagt heva. Dersom terreng vert heva/senka meir enn 1,2 meter i høve eksisterande terreng må de søkje om dispensasjon.
4. Plassering av fylling utanfor regulert byggegrense krev at det vert søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.
5. Søknad vart levert inn før merknadsfrist for varsla partar var ute, vi ber om tilbakemelding dersom det er komt merknadader til varsla tiltak.
6. Nabovarsel omfattar ikkje garasje på eigedomen, garasjen er søknadspliktig og krev nabovarsling. Vi ber om tilbakemelding på om vi bare skal vurdere plassering av garasje. Dersom garasje skal sakshandsamast må de dokumentere at den er nabovarsla.
7. Vi og om revidert opplysning om bygd areal (BYA) og bruksareal (BRA) for eigedomen. Det er i søknad opplyst 123 m² BYA og 232 m² BRA. Samla bygd areal garasje og bustad finn vi å være nærere 170 m² ut i frå mål påført innsendte teikningar. Samla bruksareal garasje og bustad ut i frå areal opplyst på innsendt teikningsmaterieill finn vi å være nærare 246 m².

Kommunen ber om at tilleggskontroll og dokumentasjon vert sendt inn samla innan 21.04.17.



Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Eikanger

Mykingvegen 67 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Eub Ltd

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES